



DET FRIVILLIGE HELSEARBEIDET

Eli Ubøe Marvik

Kring 1900 skuldast kvart femte dødsfall tuberkulose, særleg var det mange unge som døydde av denne sjukdommen. Kunnskapen om helseställ var heller dårlig i bygd og by med omsyn til reinsemd og hygiene. I tillegg hadde legane lite hjelphemiddel, og det var eit sparsamt utval av medisinar. Folk budde spreidd, og vegar og telefonnett var dårlig utbygde. Legedistrikta var store, og det var ofte vanskeleg for legen å ta seg fram til fots, på ski, sykkel eller med båt. Først seinare med bil. Det vanlege var at legen kom heim til pasienten. Ein distriktslege måtte ha kunnskap og hjelpperåd for det meste i dagleglivet hjå folk. Han måtte også vera tilgjengelig 24 timer i døgeret året rundt. Legane vart difor dei første initiativtakarane til endring av helseställlet i bygd og by først på 1900-talet.

Organisasjonane veks fram

I løpet av 20 år vart det skipa organisasjoner som vart eit bindeledd mellom den offentlege tilsette legen og folk. Norske Kvinners Sanitetsforening var først ute i 1896. I 1910 kom Nasjonalforeningen mot Tuberkulosen. Målsetjinga var å fremja folkehelsa og i særleg grad bekjempe den smittefarlege folkesjukdommen. Begge organisasjonane var landsdekkjande og hadde eigen sjukepleieutdanning. I kommunane på Haugalandet vart det stifta lokallag der frivillige gjekk inn



Ingrid Ubøe
Bjørnson (1899
– 1990) som
nyutdanna
sjukepleiar ved
Førre Pleiehjem.

med pågangsmot og entusiasme. Det ser ut til at folk såg på helselagsarbeid som ei viktig samfunnsoppgåve og tok initiativ til dei mange krinslaga som etter kvart fanst i kvar kommune. I byane Haugesund og Kopervik var det Sanitetsforeningen som hadde flest medlemmer. Men også i Bokn og Vikedal, Skjoldastrauen og Førre var sanitetskvinnene å finna, særleg om våren med dei fargerike fjørene i fastelavensriiset sitt. Dette var ei god inntektskjelde!

Økonomien som berebjelke

Oppstarten og arbeidsoppgåvene til organisasjonane hadde mykje til felles. Det var stor idealisme hjå dei første helselagsmedlemmene. Dei hadde stor tru på å få fleire med i dette viktige arbeidet. Vinterstid la dei årsmøtet i januar og ”på ei tid det var lys måne ”!¹ Folk var flinke til å møta fram og flinke til å gje. Kvinneforeiningane har stortrøst ære av dette med dei årlege basarane. Basargevinstane hadde medlemmene laga sjølve, ofte med ei ekstrautloddning av kaker. Folk møtte opp, menn som kvinner, på basarar i den tida. Kyrkjerekneskapen for Nedstrand kan fortelja at ofringa i kyrkja 1. juledag gjekk til Helselaget heilt fram til 1973.

Kontingenten var også ei viktig inntektskjelde, og medlemmene gjekk sjølve rundt i bygda og kravde inn. Dette har halde fram til langt inn i vår tid, helt til me fekk sentralinnkrevjing. Loddsalet har endra seg over tid, og mange helseoppgåver har fått sine spesielle innsamlingar som dei frivillige må ta seg av. Allereie på eit helselagsmøte 14. august 1917 rekvirerte styret 200 julelodd! Nokre år seinare, i 1922, prøvde dei til dømes å selja juleinnpakningspapir med Kittelsen sine teikningar på! Salet av maiblomar har gitt store inntekter i tillegg til offentlege tilskot og gåver.


Tuberkuloseheimar og sjukehus

Rogaland fylke sin første tuberkuloseheim vart bygd i Tveit-skogen på Nedstrand og var ferdig til innflytting våren 1915. ”Hjemmet” gav plass til 15 pasientar. I 1918 behandla dei her

¹Fullmåne

24 pasientar. ”13 blei utskrivne levande, fem døde”. Høyland Tuberkuloseforening som var starta i 1915, kunne i 1928 opna Høyland Helseheim. Bøndene hadde kome med hest og kjerre og dei brukte mange dugnadstimar for å få reisa den nye hei-men. Eit imponerande humanitært hjelpearbeid var i gang i Høylandsbygda den gongen. Seinare vart den årlege basaren i Høylandsbanken den store inntektskjelda.

Haugesund Sanitetsforening samla og inn midlar til overtaking av pleieheimen i Førre. Men etter kvart som tuberkulosen som folkesjukdom vart overvunnen, fekk huset i Førre andre oppgåver. Den siste er Behandlingshjemmet Veiviseren som har drive



Nedstrand Tuberkolosehjem (Hjemmet) i Tveit-skogen, Nedstrand, var i drift i perioden 1915 – 1949/50. Bygningen vart flytta til Hinderåvåg, og frå midten av 1950-talet kom Nedstrand Kvileheim i drift. Trivsel for ei veksande eldregruppe har vore ei prioritert oppgåve.

rehabilitering av rusmibrukarar. Revmatismesykehuset i Haugesund, Noregs første spesialsjukehus for revmatiske sjukdommar, syner og evnen og viljen til å sjå kor det trøngst innsats. Det stod ferdig i 1946 og feirar i 2006 sitt 50-års jubileum. Det er planlagt ei folkegåve til revmatismesykehuset, og mange sanitetsmedlemer vil vera med på denne frivillige innsamlinga.

MED NEDSTRAND SOM DØME

"Nasjonalforeningen mot Tuberkulosen"

I 1911 tok dr. Thorleif Svaboe, initiativet til "Nedstrands sykepleie – og tuberkuloseforening". Formålet med foreininga var i første rekke kampen mot tuberkulosen. Interessa for det frivillige arbeidet var stigande i åra etter første verdskrig og det å få tilsett ei sjukepleierske blei derfor foreininga si første og viktigaste oppgåve. Lønn til sjukepleiersken var og den største utgiftsposten. "Den vesentligste inntekt fåes fra kvinneforeninger som årlig holder basar. Av faste bidrag fåes kr 200 av kommunen, dessuten bidrag av kretssykekassen og av landbrukskolen. De øvrige inntekter skaffes av hva der kommer inn for sykepleien som er satt til 1 kr. pr. døgn, og av frivillige gaver. Så langt foreningens midler har rukket til, har det vært ydet hjelp til sykehusopphold, til eks- traforpleining av syke og lånt ut sykerekvisita m.v."

Sjukepleien – den viktigaste og mest krevjande oppgåva for det frivillige arbeidet

Etter §5 i lovene for Nedstrand sykepleie og turberkuloseforening skulle midlane brukast til sjukepleie. Tomine Askvig, som var den første sjukepleiersken, hadde fått utdanningsbidrag i forhold til uopptent tenestetid. Styret tilbaud Tomine eit lønnstillegg slik at lønna etter det vart kr 600 pr. år. Ho fekk nokre dagar "betenkingstid", men slutta likevel i arbeidet. Posten som vart utlyst hadde i utlysinga med "lønsforlangende", og slik vart inntektsspørsmålet endå meir aktuelt for styret. Dei søkte heradstyret

om eit årleg bidrag til sjukepleierskelønna, stort kroner 300, men fekk berre 200. Brita Lynghammar vart tilsett og ho ”stilte betingelser” om lønn: 750 kroner, samt fritt hus, lys og brensel. Tre månader gjensidig oppseiing var også med. Brita heldt på med utdanninga si, og ho fekk 15 kroner pr. månad som dyrtidsstillegg då ho byrja i posten sin i 1918. Styret la på dagpengane for sjukepleierska der ho var i arbeid til 1 krone for medlemmer og 2 kroner for ikkje-medlemmer. I august 1920 steig lønna til kroner 1400, samt kroner 400 i dyrtidstillegg pr. år. Men i 1929 måtte søster Petra Tornes skriva under på ein overenskomst der ”den opprinnelige grunnlønn frå 1. januar vart redusert med 10 % frå 1400 til 1260 kroner, men med behold av alderstillegg som før.”

Nedstrand kommune hadde ein spreidd busetnad, og det var lang veg mellom den indre og ytre bygda. Styret vedtok den 28. februar 1931 å kjøpa sykkelen til sjukepleiersken ”på betingelse av at det årlige vedlikehold overtas av sjukepleiersken. Sykkelen må ikke utlånes!” Det vart seinare gjort avtale med busseigar Palmer Baustad om at sjukepleiaren fekk reisa gratis med bussen når ho flytte frå stad til stad. I sommarhalvåret kunne sjukkesøstra vera til hjelp på tuberkuloseheimen, og for dette skulle ”Hjemmet” betale kroner 50 pr. månad til foreininga. Som sjukepleiar fekk ho delta på eit kurs i matlagning i Bergen. ”Angående spørsmålet om barselpleie ble det besluttet at der skal betales 1 krone mer pr. dag for barselpleie. Tillegget tilfalder sykepleiersken.”

Utover i dei harde trettiåra vart det endå vanskelegare å skaffa nok lønnsmidlar. Ida Fredvik som er den mest kjende og påakta av dei tilsette, fekk berre utbetalt 250 kroner pr. kvarthal, altså 1000 kroner i året då ho kom til Nedstrand i 1934. Men arbeidsoppgåvene var mange og krevjande. Søster Ida hadde i 1938 hatt 300 pleiedagar og ymse arbeid attåt, og det vart gjort styrevedtak på at ”søster Ida kan få fri dei 8 feriedagane, kva tid ho vil. Om det trengst, skal laget leiga hjelp i staden hennar, så ho slepp frå.” (Jmfr. § 10 i instruksen). Søster Ida Fredvik vart tilsett som styrar på Høyland Helseheim i 1939. Alle pasientane der hadde tuberkulose, og søster Ida fekk mange år i dette arbeidet.

Sjuketransporten

”Å bli sende i korjå” var eit velkjent uttrykk i Ryfylke. Sjukekorgene kom for 90 – 100 år sidan i våre bygder. Det var oftast helselag eller sanitetsforeiningar som åtte dei og leigde dei ut. Sjukekorga til Nedstrand Helselag stod i den såkalla ”sjukestova” på Tveit, og dette var også bustaden for sjukepleiersken. Huset står på same staden enno. Det var i huset eit særskilt rom for korga og andre sjukeartiklar, og alt kunne desinfiserast, ”røykjast” her. Dette var sjukepleiersken sitt ansvar. Det var ei tid tre sjukekorger i bygda. Den eine stod då på ”Hjemmet”. Sjukepleiersken hadde tilsyn og pleie av dei sjuke i heimane, og ho var oftast med når den sjuke vart send til sjukehus i korg. Ofte fylgte det med familie eller slekt på denne reisa, som for mange kunne kjennast som den siste.

Det var Rogaland sjukehus i Stavanger som for det meste tok mot dei sjuke. Det var viktig at transporten vart så skånsam som råd. Langkjerre og slede, seinare lastebil vart nytta. Det låg eit par bildekk eller liknande i botnen til å setja korga på. Då ”melkekjerrene” kom i bruk, hadde desse eit fjøreringssystem og vart slik betre for den sjuke. Sledetransporten hadde nok mange gonger vore ”hard” for ein dårleg pasient. Om bord i rutebåten var det sjuke-lugar. Ikke alle båtar fekk plass til sjukekorga inne i lugaren. Då vart den sjuke liggjande utafor salongen, i den såkalla ”stutasalen”. På kaien i Stavanger venta lastebil eller sjukebil for å ta transporten vidare fram til sjukehuset. Ved smittsame sjukdommar som tuberkulose, tyfus og fleire vart den sjuke send med ekstrabåt, slik også for folk med alvorlege sinnslidningar.

Viktig å stoppe smittekjeldene

Dei frivillige organisasjonane kjende eit stort samfunnsansvar. Dei mange kursa og foredraga i nærmiljøet gir eit sterkt inntrykk av dette. Folk fekk høyra om spedbarnsstell, om reinsemnd, oppvask, hygiene, og at eit betre og allsidig matstell gav vern mot sjukdom. Men også at barn fekk nok mjølk og tran som førebygging, slik at beinbygnad og tenner vart sterkeare.

Dette at sjukesøstera gjekk rundt i heimane der det var sjukdom, førte også til spreiing av kunnskap om betre helsestell og hygiene. Dei mange styreprotokollane til Nedstrand Helselag

Slik såg sjukekorga ut

Det var fast botn i korga og handfletta sider, og med to handtak på kvar side slik at fire mann kunne bera den sjuke. (Korga på biletet har handtak i kortendane og er nok ein meir moderne type.) Korga hadde litt høgde i hovudenden. Der var det også montert ein skygge som på ei barnevogn. I botnen låg madrass med lakan over og oppreidd som ei vanleg seng med dyna og puter. Eitt eller fleire ullteppe fylgte med. Eit overtrekk var det også som kunne knappast på korga til vern mot regn og vind. Ofte låg den sjuke i sine eigne klede i korga slik at helselaget slapp reingjeringa. Berre den som var alvorleg sjuk, vart send i korg til sjukehus. Det kunne vera vanskeleg å ta korga inn i små hus, og då vart gjerne den sjuke boren ut i eit lakan eller sterkt teppe. Var det eit alvorleg uhell, t.d. i skog eller jordbruks; la ein den forulukka på ei dør og kom slik fram til hus og folk. Når den sjuke låg trygt i korga, måtte det ordnast med vidaretransport til kaien.



Sjukekorg frå Roaldsøy, utstilt i "sykesalen" på det medisinske museet i Stavanger, "Den kombinerede Indretning".

Foto: Finn Stokke

fortel detaljert om dette. I 1944 sa dr. Jon Kirkebø det slik: "Sunn levemåte, frisk luft og mosjon er dei beste råda mot tuberkulose." Det er ei fortid med heilt andre sosiale tilhøve og ein sparsam økonomi som stig fram frå desse velskrivne protokollane, som er ein viktig kulturskatt!

Skulebarnsundersøkjing

Der folk møttest var viktige stader for spreiing av tuberkulosesmitte. Skulane vart tidleg peika ut som ein slik stad, men også forsamlingslokale som kyrkjer, bedehus og i leirar der ungdom samlast til militærtjeneste. Etter 1930-åra vart det større interesse blant folk for eit betre helsestell. Dette førte til at det frivillige arbeidet vart meir førebyggjande. Skuledirektør Gjøstein møtte på årsmøtet i Nedstrand 28. februar 1931 med eit interessant og instruktivt foredrag om skulebarnsundersøkjing. Gjennomføringa av dette i 1933 viste at 9 barn var undervektige. Men i referatet frå 1934 heiter det: "Skolebarnsundersøkelsen viser at de fleste barn tilfredsstiller fordringene til vekt og ingen tuberkulose er påvist." Det vart nå viktig å hindra vidare smitte. Helselaget var pådrivar slik at skulane fekk drikkefontenar, og dei gamle vassbyttene med felles ause vart permitterte. På gamle Nessaskulen frå 1863 vart vassbytta i 1932 skifta ut med ein 10 liter vasstank på veggen, ein utslagsvask og drikkefontene for elevane.

Helselaget oppmoda også lag og organisasjonar til å kjøpa koppekokkarar på ungdomshus, bedehus og skular, for her var det også ofte dårleg tilgang på vatn. Laget gav pengestøtte til innkjøpet, og helsesøstera skulle ha kontroll med at reglane vart følgde slik at hygienen fekk eit stort oppsving. Helserådet vart oppmoda til å skjerpa oppsynet med reinhald i offentlege lokale, slik som spytting på golv og i spyttebakk. Matvarer i butikkane skulle også kontrollerast.

Spedbarnkontrollen

Ei særskilt viktig helseoppgåve var det når Nedstrand Helselag tok på seg utgiftene og ansvaret med spedbarnkontrollen frå 0-1 år, og året etter vart det utvida til 0-2 år. Frå først av reiste distrikts-

legen rundt i krinsane. Det var ei god ordning for barnefamiliane, og på denne måten fekk heimane tidleg rettleiing og hjelp slik at sjukdom kunne oppdagast. Barnekontrollen gjekk seinare inn som eit viktig ledd i det førebyggjande helsearbeidet, og vart flytta til läkjakontoret.

Kosthald – tannhelse - tran

Kosthaldet vart eit viktig emne i ei tid der mangelsjukdommane herja blant folk. Å få husmødrene på kurs om vitaminer og mineralar, sikringskost og tilleggskost og i det heile leggja vekt på eit betre kosthald, vart ei hovudoppgåve for å spreia opplysning. Gratis tranutdeling på skulane vart prioritert i mange år framover. Tannhelsa til skulebarna vart ei ny arbeidsoppgåve for Helselaget. I 1937/38 arbeidde den frivillige nemnda hardt for at dei 3 første årskulla skulle få gratis tannpleie. Saman med stat og kommune ville den frivillige organisasjonen hjelpe til med utgiftene. Arbeidet med tannhelsa vart vidareført etter krigen. Tannråde vart eit stort problem, og helselaget drøfta fleire gonger ei premiering for gode tenner.

Helselagsarbeidet i etterkrigstida

Det største problemet i tiåret etter krigen var å skaffa sjukepleierske. Det var mangel på utdanna folk, og arbeid på sjukehushus vart meir og meir attraktivt. I periodar vart det prøvd med samaritt, dvs. at den tilsette hadde kortare kurs i sjukepleie. Styret i laget var uroa over denne utviklinga, men prøvde å finne utvegar og hjelperåder når sjukdommar kom på. Etter kvart som oppgåvene vart fleire, auka kravet om større økonomi. Kontingensten var årvis og også dei mange basarane i krinsane. På årsmøtet 19. april 1953 vart det drøfta om ein skulle leggja på årspengane som var 3 kroner for familie og 2 kroner for einskildmedlem. Det vart vedteke å halda på dette, og kontingensten vart den same fram til 1960. Kommunen gav årleg stønad til laget med 600 kroner i tillegg gratis hus, lys og brensel til sjukepleiersken i ”søsterboligen” på Tveit. Andre tilskot kom frå fylket si tuberkulosenemnd med kroner 1000, frå trygde-

kassen med kroner 500 og kroner 100 frå jordbrukskulen. Distriktslegen i Nedstrand hadde kontordag for elevar og tilsette ved Tveit jordbrukskule, og sjukepleiersken i ”søsterboligen” fekk mange gode ord for den hjel på ho gav til den som vart sjuk i skuletida.

Eit offentleg ansvar

Det som helseorganisasjonane sette i gong av samfunnsgagnlege tiltak, tok seinare stat og kommune over. Dei gav lover og reglar for eit meir velordna samfunn, det vi i dag kallar velferdsstaten.

I årsmeldinga frå 1951 heiter det at kommunen tek over utlogene til lækjargranskning og skuletannrøkt. Seinare er også spedbarnkontrollen blitt eit offentleg ansvar. Men dei vakne, frivillige organisasjonsmedlemmene såg nye oppgåver. I sitatet frå årsmeldinga i 1955 heiter det: ”Det er enno lenge att til det offentlege heilt ut overtek alt som vedkjem helsestellet i ei bygd. Helselaget kan difor ikkje sova, helselagsarbeidet må gå sin gang.” I 1956 vart det tilsett kommunal helsesøster i Nedstrand lækjardistrikt.

Ny tid og nye oppgåver

Helselaget fekk jamleg brev frå organisasjonar og einskildpersonar som bad om stønad. I nærmiljøet var det støtt gamle, sjuke og trengjande som venta hjelp og fekk hjelp. I 1955 sette helselaget i gang ei listeinnsamling til Flyktningehjelpa, og resultatet vart på 1895 kroner. Sitat frå årsmøtet i 1954: ”Det frivillige helsearbeidet appellerer til det beste i oss, til hjartelag og offervilje.” Også innsamlinga til Nærlandsheimen i 1956 fekk eit godt resultat som stønad til det veksande arbeidet for åndssvakesaka. Det var også årvisse ”bøneskriv” om hjelp frå mange organisasjonar slike som ”Tuberkuløses hjelpeorganisasjon”, ”Hjelp til Døve”, ”Kreftsaka” og fleire andre. Ei stor landsdekkjande sak har vore kampen mot hjarte- karsjukdommane og andre livsstils-sjukdommar. Dei frivillige organisasjonane har også i dag ein viktig funksjon når det gjeld arbeidet for å betra folkehelsa gjennom forsking, opplysning og praktiske tiltak

INTERVJU MED EIN SOM HAR LANG FARTSTID I DET FRIVILLIGE HELSEARBEIDET

Nedstrand Helselag sin protokoll frå 1951 seier det slik: "Ikkje noko sak er meir skikka til å samla bygdefolket enn helsesaka!" Den nytiflytta Nedstrand-familien kan få nabovarselet sitt slik: "Det er ein gammal tradisjon at alle husstandar i Nedstrand har medlemskap i Helselaget." Leif Musland, f. 1935, vart som 26-åring vald som styremedlem i Nedstrand Helselag. Dette var på årsmøtet på Baustad Ungdomshus i 1961. Leif, som då var den yngste i eit nokså "vakse styremiljø", er i dag ein av to styremedlemmer som framleies har medlemskap i Helselaget.

I intervjuet har ikkje Leif Musland noko eintydig svar på kvifor han vart eit engasjert styremedlem den neste tiårsbolken i ein frivillig helseorganisasjon. Han fortel at mora var aktiv i den lokale helselagsforeininga. Leif, som tidleg fekk sertifikat, køyerde mora og andre foreningskoner til og frå møta deira som var rundt i heimane. Alle hadde "forenings-taskå" med seg der handarbeidet låg, det som skulle bli til basargevinstar. På spørsmål om han har noko spesielt minne frå denne tida, hugsar han særleg den årlege kontingentinnkrevjinga. Det var å gå frå hus til hus, og i somme heimar var det vanskeleg å finna folk heime. Då hende det at når fristen for innbetaling gjekk ut, måtte Leif forskottera av eigne pengar. "Eg var nok ein beskjeden, lyttande ungdom i dette alderstunge helselagsstyret," seier Musland. "Men det gav kunnskap og innsikt i så mange sider ved liv og lagnad til menneska." Ei slik opplæringstid i unge år var kanskje med på å forma den seinare, mangeårige kommunepolitikaren, først i Nedstrand heradstyre frå 1963 og seinare i storkommunen Tysvær. Det frivillige helsearbeidet kan slik ha medverka til ein livsstil der samfunnsengasjement, fellesskapsoppgåver og omtanke for andre vert høgt prioritert.



Leif Musland, medlem i Nedstrand Helselag.

Opplysningsarbeid og tiltak vert retta mot familie, barn, unge og den veksande eldregenerasjonen. Eit samarbeid på tvers av generasjonane vil føra med seg ein god helsegevinst. Eit nytt tilbod til skuleverket er ”Petter Puls” materiellet for 5. klasse. Det er eit praktisk og engasjerande undervisningsmateriell om kropp og helse, som er tverrfagleg og legg vekt på kva fysisk aktivitet, kosthald og røykfrihet har å seia for utviklinga av ei god helse.

Nasjonalforeningen for folkehelsen er i dag ein frivillig, humanitær organisasjon med omlag 60 000 medlemmer som arbeider gjennom 750 helselag saman med landets fremste fagfolk. Dette viktige helsearbeidet vert framleis finansiert av innsamla midlar.

KJELDER

Forhandlingsprotokoll 1917 – 1953 for Nedstrands sygepleie- og tuberkuloseforening.

Årsmeldingar/ møtebøker for Nedstrand Helselag, 1950 – 1994.

Rekneskapsbok/ kassadagbok, Nedstrand Helselag 1933 – 1984.

Pleiedagar, Nedstrand Helselag 1944 – 1960.

Tilvisningsbok, Nedstrand Helselag 1959 – 1990.

Nedstrand Helselag 90 år.

Intervju, eigne minne.